



VENSKAPS- OG SAMARBEIDSAVTALE

mellom Newcastle bispedøme

i Church of England

og Møre bispedøme i Den Norske Kyrkja



Vi stadfestar at begge kyrkjene våre er medlemmar av Porvoo-fellesskapen, at vi høyrer til éi heilag, ålmenn og apostolisk kyrkje, og trur at det er éin Gud, Far, Son og Heilag Ande.

Vi gled oss over den kontakten vi har hatt med kvarandre sidan år 2000, og er no samde om at vi vil

- * Be regelmessig og systematisk for kvarandre,
- * Utveksle informasjon, regelmessig og systematisk, om tilhøve i kyrkjene våre, moglege tiltak, håp, visjonar, utfordringar og problem,
- * Skape høve til vedvarande teologisk samtale, refleksjon og debatt omkring våre ulike tradisjonar.
- * Leggje til rette for at grupper og einskildpersonar i eitt bispedøme kan besøkje tilsvarande grupper og personar i det andre, for å dele idear, erfaringar og informasjon om teologiske spørsmål, praktisk presteteneste, diakoni og anna kyrkjelydsarbeid, utdanning og misjon, kyrkjemusikk, kulturelt arbeid og andre aktuelle saksområde,
- * Ta imot prestar og diakonar til å gjere teneste i kvarandre sitt bispedøme,
- * Sende representantar for å vere til stades ved viktige hendingar i bispedøma, for å ta del slik det høver, bere fram helsingar for på den måten å gje synleg uttrykk for vår venskapsrelasjon,
- * Freiste å gje aktivt uttrykk for dei ti forpliktingane i Porvoo-avtalen når vi har kontakt med kvarandre,
- * Gjere ein konkret innsats for å overvinne vanskane med språk og kommunikasjon elles,
- * Ta avtalen opp til ny vurdering fem år etter at den er gjort gjeldande.

Underteikna i Molde den 22.september 2013

.....
Ingeborg Midttømme

Ingeborg Midttømme
Møre Biskop

.....
+ Martin Wharton

Martin Wharton
Bishop of Newcastle